

GEBYRREGULATIV

**for arbeid etter matrikkellova og
eigarseksjonslova**

**i
Valle Kommune**

2017



Regulativet vart vedteke av kommunestyret: 27.02.2013, sak 3/13, og er gjeldande frå 01.01.2017

Regulativet avløyser tidlegare gjeldande regulativ.

GENERELLE REGLAR

A Regulering av gebyrsatsane:

Regulativet skal rullere kvart 4. år, fortrinnsvis midt i ein valperiode. Ved sentrale endringar eller overordna lovendringar, må kommunen revidere gebyrregulativet i tråd med desse.

Gebyrsatsane skal regulerast etter indeks for kart- og oppmålingsarbeid, utarbeidd av Statens Kartverk. Grunnlaget er indeksen for oktober 2009 med verknad 01.01. året etter.

Fyrste regulering 01.01.2014

- Auke 2014 = 12,61 %
- Auke 2015 = 16,89 %
- Auke 2016 = 21,39 %
- Auke 2017 = 0 %

B Urimeleg gebyr

Dersom gebyret heilt klart er urimeleg i høve til dei prinsippa som er lagt til grunn, og i høve til det arbeidet og kostnadene som kommunen har hatt, så kan Rådmannen fastsette eit redusert gebyr. Rådmannen kan med same føresetnader, og på bakgrunn av grunngjeve søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsette eit redusert gebyr.

C Betalingstidspunkt

Gebyret skal vere betalt før kommunen sender saka til tinglysing. I saker der det ikkje ender opp med dokument som skal til tinglysing, så skal gebyret vere betalt før kommunen lagar endelege dokument i saka.

D Forskrift om unntak frå tidsfrister i saker som krev oppmålingsforretning (vinterforskrift FOR 2010-02-18, nr. 268, fastsett i kommunestyret 18.02.2010)

Tidsfristen som er fastsett i matrikkelforskrifta §18 første ledd, løper ikkje i perioden 1. oktober til 1. mai i kommunen generelt.

I dei deler av kommunen som ligg over høgdekote 500 meter settast fristen til mellom 1. oktober og 1. juni.

GEBYR

1 Oppretting av matrikkeleining

Oppretting av grunneigedom og festegrund

areal frå 0 – 500 m ² + punkt feste	kr	16 138,-
areal frå 501 – 2000 m ²	kr	22 769,-
areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da.	kr	3 514,-

Ved samtidig oppmåling av 2 eller fleire tilgrensande tomter som er rekvirert av same rekvirent, vert det gjeve reduksjon i pris på 15% av gebyret frå tomt nr. 2.

2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

areal frå 0 – 500 m ² + punkt feste	kr	16 138,-
areal frå 501 – 2000 m ²	kr	22 769,-
areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da.	kr	3 514,-

Dersom matrikulering vert gjennomført utan oppmålingsforretning, vert gebyret sett til kr. 7 987,-

3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av ute areal pr. eigarseksjon

Areal frå 0 – 250 m ²	kr	11 024,-
Areal frå 251 – 2000 m ²	kr	13 740,-
Areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da.	kr	1 757,-

Eigarseksjoneringsgebyr:

- Dersom synfaring ikkje er naudsynt: 3 x rettsgebyr
- Dersom synfaring er naudsynt: 5 x rettsgebyr

Rettsgebyr pr. 01.01.2016 = kr. 1 025,-

4.1 Oppretting av anleggseigedom (volumeigedom, t.d. tunnel)

Gebyr som for oppretting av grunneigedom. Det er m² som er grunnlag for gebyr, ikkje volum.

Areal frå 0 – 2000 m ²	kr	18 374,-
Areal frå 2001 m ² – auke pr. påstarta daa.	kr	3 834,-

4.2 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid. Timesatsen er kr. 1 198,- pr time

5 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Gebyret vert som i punkta 1, 2, 4.1 og 4.2, pluss eit tillegg på kr. 5 245,-.

6 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, må avvisast, eller at saka ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan slutførast, er sett til 1/3 av gebyrsatsane i punkt 1 – 4.2

7.1 Grensejustering

Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan ein justere arealet på ein eigedom med inntil 5 % av storleiken på eigedomen. Ein kan maksimalt endre storleiken med 500 m². Ein eigedom kan likevel ikkje gje frå seg areal som til saman vert meir enn 20 % av arealet til eigedomen sitt areal før justeringa.

Areal frå 0 – 250 m ²	kr	11 024,-
Areal frå 251 – 500 m ²	kr	14 699,-

7.2 Anleggseigedom (volumeigedom, t.d. tunnel)

For anleggseigedom kan volumet justeras med inntil 5 % av anleggseigedommen sitt volum, men den maksimale justeringa kan ikkje vere meir enn 1000 m³

Volum frå 0 – 250 m ³	kr	11 024,-
Volum frå 251 – 1000 m ³	kr	14 699,-

8.1 Arealoverføring

Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Areal frå 0 – 250 m ²	kr	11 024,-
Areal frå 251 – 500 m ²	kr	14 699,-
Areal over 501 m ² - auke pr nytt påstarta 500 m ²	kr	1 836,-

8.2 Anleggseigedom (volumeigedom, t.d. tunnel)

For anleggseigedom kan det volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ein annen, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom krava for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal vere eit samanhengande volum.

Volum frå 0 – 500 m ³ volum	kr	11 024,-
Volum frå 501 m ³ - auke pr. nytt påstarta 500 m ²	kr	14 699,-

9 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatfastsett ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkt	kr	6 550,-
Dersom det er fleire enn 2 punkt er det tillegg pr. punkt	kr	1 229,-

Gebyret skal ikkje bli høgare enn fullt gebyr etter punkt 1.

10 Klarlegging av eksisterande grense, der grensa ikkje tidligare er koordinatfastsett (skyldskifteigedom) eller klarlegging av rettar

For areal inntil 2.500 daa	kr	12 770,-
For areal over 2.500 daa – 10.000 daa	kr	19 094,-

Klarlegging av rettar vert fakturert etter brukt tid. Timesatsen er kr. 1 198,- pr time.

11 Privat grenseavtale og matrikkelføring

For inntil 2 grensepunkt eller 100 m grenselengde	kr	3 674,-
For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde	kr	798,-

Det kan gjerast avtale om at ein kan rekne gebyr etter brukt tid. Timesatsen er kr. 1 198,- pr. time

12 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Dersom rekvirenten under sakens gang gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken, vert gebyret likevel oppretthalde.

13 Utskriving av matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider	kr	175,-
Matrikkelbrev over 10 sider	kr	350,-

Endring i maksimalsatsane regulerast av Statens kartverk i takt med den årlige kostnadsutviklinga.

14 Timepris for arbeid etter Matrikkellova

For alt arbeid som ikkje kan reknast etter dei faste satsane over, reknast ein timepris på (skal ikkje leggest til MVA):

Kontorarbeid (for og etterarbeid)	kr	1 198,-
Markarbeid	kr	1 581,-

KOMMENTAR TIL NOKRE AV PUNKTA:

- Pkt. 2: Gjeld oppmålingsforretning av eksisterande umatrikulert grunn. Gebyret utløyer ei oppmålingsforretning. Gjer den ikkje det, vert det foreslått at gebyret vert satt til kr. 5 000,- (kfr. tidlegare registreringsbrev) Registreringsbrev kosta i 2009 kr. 3 372,- Prisen satt til kr. 7 987,- er relativ høg, men det er med tanke på at dokumentasjonen vil vere same høge krav til.
- Pkt. 3: Oppmåling av uteareal til den enkelte seksjon. **Pr eigarseksjon!** Prisen er relativ låg, då det i dei fleste situasjonar, vil vere ei ferdig oppmålt tomt rundt, slik at det reint oppmålingstekniske arbeidet vil vere enklare.
- Pkt. 5: Kfr. Forskrifta § 25
- Pkt. 7.2: Same pris som for grensejustering. Auka er lik som for grensejustering, men merk at det her er snakk om m3 og ikkje m2.
- Pkt. 9: Dette går på utsetjing (påvising) av ei allereie eksisterande, tidlegare oppmålt grense. Det vil bli kalla inn til oppmålingsforretning på ordinær måte. Merke, evt. bortkomne grensemerke og måle inn alt for å dokumentere koordinatverdien i forhold til Matrikkelen, evt. kvalitetseving av eksisterande merker.
- Pkt. 10: Dette går på t.d. oppmålingsforretning over skylddelte tomter. Dersom ein eigedom her har 4 punkt, vil gebyret etter dette bli kr. 10 520,-. Dvs ein god del rimelegare enn frådelling av ei ordinær tomt. I dette ligg det og ein tanke om at kommunen er tent med at det vert rydda opp i gamle eigedomsgrenser.